

Månadsbrev mars 2025

Vonar alle har hatt ein god vinterferie!



Morgonsamling, skiaktivitetsdag og markering av samane sin nasjonaldag gjekk som ein draum. På den store skulekinodagen storkoste alle seg i Tonstadbadet og var nøgd med val av film, spesielt ungdomsskulen. ADM duo imponerte både lærarar og elevar med konserten sin, og Abeldagen viser igjen kor fint alle frå 1.-10. klasse samarbeider.



Det blir **foreldremøte** og boksal for Sirdalsskulen i festsalen, Sirdal kulturhus, allereie tysdag 4. mars, der Maja Lunde snakkar om skjermbruk hos barn, og er "Et foredrag for deg som synes at ungene er for mye på skjerm og vil bidra til å ta barndommen tilbake!" Vel møtt!

Mellomtrinnet startar opp att etter ferien med fantasy-veker, medan 9. klasse skal på hospitering 18. mars og det vert SU-møte 21. mars. Då har de vonleg gjennomført den lokale trivselsundersøkinga, slik at me kan diskutera den på SU-møtet. 25. mars får 2.-4. klasse besøk av den kulturelle skulesekken med optiske leiketøy, der dei skal bli med å oppdaga "hemmeligheten bak optiske bedrag" og laga sitt eige optiske leiketøy. Dei ønsker "å ta med elevene med på et dykk inn i en spennende animasjonsverden og oppdage fasinasjonen og avsløre hemmeligheten bak optiske leiketøy. På 1800- tallet eksperimenterte en rekke oppfinnere med levende bilder. Ved hjelp av optiske leiketøy, scope, skapte de en illusjon av bevegelse. Disse leiketøyene regnes som filmens forhistorie og animasjonens begynnelsen. Elevene får innblikk i filmen og animasjonens start og får lage sine egne optiske leiketøy og animere enkle looper." [Optiske leiketøy 24-25 | Agder DKS](#)



10. februar vart det endring på SFO, for Helene har gått inn i 100%-stillinga på SFO, og Dorota arbeider både på SFO og som språkassistent. Det er lurt å senda beskjedar til alle som ligg inne på lista du får opp, og søker du om endringar, er det lurt å leggja til Trine-Grete spesielt. (Kine) Luna Mikelsen byrjar i vikariatet 3. mars, og då vert det plutselig endringar i timeplanane att, men det bør gå godt. Anne May er i praksis i veke 10-12, så der er det òg vikarar inne. Kommunalsjef Elisebeth Åvesland har sagt opp stillinga si og er ute i sjukemelding, men me vonar stillinga vert lyst ut og tilsett i kjapt.

Sinnes 26.02.25, Åse-Berit (rektor)